

RETNINGSLINER 2024 TIL STØTTEORDNINGA:

LEVANDE OG ATTRAKTIVE BYGDER OG GRENDER

Kring villrein fjella Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei

FORANKRING	<p>Støtteordninga er forankra i Heiplanen.</p> <p>Tiltaket er forankra i handlingsprogrammet 2024-2027 til satsingsområdet <i>Bygde- og næringsutvikling</i>.</p> <p>Handlingsprogrammet er til godkjenning i fylkestinga i Agder, Rogaland, Telemark og Vestland fylkeskommunar</p>
FØREMÅL	<p>Legge til rette for aktivitetar og opplevingar som formidlar natur- og kulturarv knytt til villrein fjellet og som spelar på lag med særpreget til bygdene og grendene.</p> <p>Aktivitetane og opplevingane skal styrke bygdene og grendene som stader å bu, leve, arbeide og besøke</p> <p>Det er ein føresetnad at aktivitetane og opplevingane ikkje er i konflikt med leveområda til villreinen</p>
KVEN KAN SØKJA	<p>Det er kommunane som er med i Heiplanen som kan søkje om økonomisk støtte i samsvar med retningslinene. Det kan vera andre aktørar enn kommunane som gjennomfører prosjektet/tiltaket.</p>
KORLEIS SØKJA	<p>De skriv søknaden i www.regionalforvaltning.no under støtteordninga <i>Levande og attraktive bygder og grender kring villrein fjellet</i>.</p>
SØKNADSRIST OG KUNNGJERING	<p>30.JANUAR 2024</p> <p>Informasjon om retningsliner og søknadsfrist vert kunngjort på heimesida til fylkeskommunane og med brev til kommunane.</p>
KONTAKTPERSONAR	<p>Om de ynskjer rettleiing i utforminga av prosjekt og søknad, ta kontakt med:</p> <p>Agder fylkeskommune, Siv Løvås, 901 68 086 Telemark fylkeskommune, Lene Hennum, 918 53 099 Rogaland fylkeskommune, May Endresen 958 13 326 Vestland fylkeskommune, Snorre Waage, 959 76 861</p>
KVA KAN DET SØKJAST OM	<p>De kan søke om økonomisk støtte til å gjennomføre fysiske tiltak som er i samsvar med føremålet.</p> <p>De kan søke om økonomisk støtte til å planlegge tilrettelegging av aktivitetar og opplevingar.</p> <p>Søknadene blir handsama og avgjort av Heiplansekretariatet.</p>

VURDERINGS KRITERIAR	<p>Fyrste sjekkpunktet er om prosjektet/tiltaket er i konflikt med leveområda til villreinen og omsynssonene i Heiplanen. Om prosjektet/tiltaket verkar å vera i konflikt, blir søknaden avslått. Om ikkje i konflikt, blir søknaden vurdert etter kriteria under:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Forankring. I Heiplanen, i kommuneplanen? - Bygdeutvikling. Korleis vil prosjektet/tiltaket medverka til bygdeutvikling? - Næringsutvikling. Korleis vil prosjektet/tiltaket medverka til næringsutvikling? - Berekraft. Korleis medverkar prosjektet/tiltaket til å oppfylle kva berekraftmål? - Formidling av natur- og kulturarv. Kva og korleis formidling av natur og kulturarv knytt til villrein fjellet? - Gjennomføringsevne. Korleis kan prosjektet/tiltaket gjennomførast med mindre tilskot enn det de søker om. <p>Det er ynskjeleg å få til ei god geografisk spreing av dei prosjekta/tiltaka som får økonomisk støtte.</p>
TILSKUDD	<p>Det kan løyvast inntil 50% av godkjent budsjett. Maks støtte er kr. 250 000. Godkjent timepris for eigeninnsats i budsjettet, er maks 1 promille av brutto årsløn med ei maks grense på kr. 800 pr time</p> <p>De skal dele erfaringar og lærdom frå prosjekta/tiltaka på Heiplansamlingar</p> <p>De må skildre i søknaden korleis prosjektet/tiltaket oppfyller vurderingskriteria</p> <p>De må gjennomføra prosjektet/tiltaket i samsvar med søknad, godkjend budsjett og finansieringsplan. Om endringar, må desse godkjennast på førehand.</p> <p>I tilsegnsbrevet blir det sett ein frist for gjennomføring. Om prosjektet ikkje blir avslutta innan fristen, blir tilskotet trekt attende. De kan be om utsetjing av fristen.</p> <p>De skal utarbeide ein prosjektrekneskap med postar som gjer det mogleg å samanlikna rekneskapen med godkjend budsjett. Prosjektrekneskapen skal liggja med når de ber om sluttutbetaling. Prosjektrekneskapen treng ikkje vera godkjent av ein autorisert revisor. Prosjektrekneskapen kan vera ein integrert del av årsrekneskapen.</p>
UTBETALING	<p>De må be om utbetaling. De gjer dette i www.regionalforvaltning.no De kan be om å få utbetalt 80% når prosjektet/tiltaket startar. Det som står att må de be om å få betalt ut i www.regionalforvaltning.no saman med sluttrapport og prosjektrekneskap.</p>